



No er det klart for nytt småbarnstreff. Dette er frå treffet i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No er alt klart for ein ny sesong i bedehuset, melder Nelly Kjærland. Det blir laurdagsskule 29. august og småbarnstreff 2. september. Ho leiar laurdagsskulen saman med Marlinn Inntveit, Kristine Reime, Camilla Myklebust og Jon Harald Kjærland. Til å leia småbarnstreffet har ho med seg Selma Eik og Laila Rogne.**



Laurdagsskulen skal møtast 29. august, 26. september, 24. oktober, 21. november og 5. desember og så blir det julefest for store og små 27. desember. Då skal laurdagsskulen delta med eit julespel.

Laurdagsskule graut = SANT! er eit tilbod for born både her i Uskedalen og Herøysund og har eit opplegg opp til 4. klasse.





**SMÅBARNSTREFF**

**I**

**USKEDALEN BEDEHUS**

**ANNA KVAR**

**ONSDAG KL. 10.30 – 12.00.**

Småbarnstreffet er på onsdagane utover hausten og her er alle frå null til seks år velkomne. På programmet kvar gong står fisking av songar og ei forteljing frå Bibelen, mat og drikke og 'Vi lagar noko og leikar oss'. Under LAG OG ORGANISASJONAR her på sida finn ein meir opplysningar om både laurdagsskulen og småbarnstreffet.